

Interpellasjon til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

Noralv Distad (H): Rutetilbud for bygder som vert råka av stengde fylkesvegar

«Dei siste månadene har jord- og snøskreder ført til stengde vegar og isolerte bygder. Fleire vegar er og stengde på grunn av rasfare.

Stengde vegar har store negative konsekvensar for innbyggjarar og næringsliv. Elevar kjem ikkje på skule, gardbrukarar får ikkje levert mjølk, folk kjem ikkje fram til arbeidsplassen sin.

Fylkesvegnettet er sterkt råka, og fylkeskommunen må sjå på tiltak til beste for dei som er mellombels veglause.

Det er ingen tvil om at tida no er inne for å prioritera rassikring, det gjeld sjølvst sagt både på riks- og fylkesvegar. Det er utruleg viktig med gode og langsiktige løysingar for trygge og opne vegar.

Hendingar den siste tida viser at villare og våtare vår ikkje er noko som kjem i framtida, det er situasjonen no. Difor må me og finna gode løysingar for dei som vert råka no, og fram til vegar er sikra.

Ei slik løysing kan for nokre bygder vera etablering av båtruter, for å tilby mellom anna arbeids- og skuleruter.

I dag har kommunar etablert skysstilbud, og dei har teke opp spørsmål om finansiering.

Mitt spørsmål til fylkesordføreren:

- Vil fylkesordføreren ta initiativ til å etablere rutetilbud til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde fylkesvegar.

Framlegg til vedtak:

«Fylkestinget ber om ei sak om tiltak som sikrar rutetilbud for bygder som vert råka av stengde fylkesvegar.»»